

NYNORSK



Senterkvinnene sitt manifest

2010 – 2014



**Vedteke av Senterkvinnene sitt Landsmøte
mars 2010**

(Rullerast neste gong i 2012)



Senterkvinnene sitt manifest 2010 - 2014



OVERORDNA MÅL.

Senterkvinnene har som overordna mål full likestilling og likeverd mellom kvinner og menn, og vi byggjer arbeidet vårt på den internasjonale konvensjonen om å avskaffe alle former for diskriminering av kvinner.

Senterkvinnene meiner at miljø og bærekraftig utvikling av naturressursane skal settast føre kortsiktige økonomiske omsyn.

Difor vil vi at:

- kvinner og menn skal ha felles ansvar for familien, og same høve til å vere med i utviklinga av demokrati, samfunns- og næringsliv.
- kvinner skal mobiliserast til auka medverking i samfunnsdebatten ved å styrke deira representasjon i folkevalde organ.
- rettferdig, sosial og geografisk fordeling må vere rettesnor for politiske vedtak.
- makt, kapital, oppgåver, ansvar og busetnadsmønster skal desentraliserast, slik at vedtak vert fatta gjennom opne prosessar i demokratisk valde organ.
- Noreg skal føre ein internasjonal politikk som bygger på solidaritet, med særleg vekt på å betre kvinner si stilling.

1. LIKESTILLING.

Senterkvinnene har som overordna mål full likestilling mellom kvinner og menn.

Difor vil vi at:

- likelønnsprinsippet må gjennomførast. Løn og status til typiske kvinneyrke må hevast slik at likelønnsprinsippet vert gjennomført i praksis.
- det må leggest til rette for utradisjonelle utdannings- og yrkesval for både jenter og gutar.
- det må innførast ordningar med dekking av utgifter til barnepass ved møte i offentlege organ.
- menn må få sjølvstendig oppteningsrett til farspermisjon og adopsjonspermisjon.
- det må leggest til rette for at far kan utvide farspermisjonen, dersom det er familien sitt ynskje.
- Innovasjon Noreg sin kvinne database, med CV-register for kvinner som ynskjer seg inn i styreverv, må marknadsførast og brukast aktivt.

2. BARN OG UNGE.

Senterkvinnene vil at barn og ungdom i heile landet skal ha ein trygg og god oppvekst.

Difor vil vi at:

- samarbeid mellom heim, skule, helseteneste og politi / lensmannsetat skal styrkast for å førebygge rus, vold og mobbing.
- skulane skal ansvarleggjerast i arbeidet mot mobbing, og dei skal følgje ein fagleg tiltaksretta plan i dette arbeidet.
- 16 år skal framleis vere seksuell lågalder.



- helsetenesta bør styrkast med miljøarbeidarar, og helsetenesta bør "marknadsførast" som ein stad å vende seg til for barn og unge når dei har trong for å snakke med ein vaksen.
- skulehelsetenesta skal søkje samarbeid både med foreldre og det offentlege når det gjeld oppfølging av barna.
- lovverket blir endra så det gjev heimel for å gripe inn overfor helseskadeleg, kroppsfixert og seksualisert reklame retta mot barn og unge. Det kommersielle presset mot denne gruppa må reduserast.
- friviljuge organisasjonar som arbeider med barn og unge skal gjevast eit betre økonomisk grunnlag for arbeidet sitt.
- det skal leggast til rette for at barn og ungdom sin fysiske aktivitet vert styrka.
- kommunane vert stimulert til å skape tiltak retta mot barn og ungdom i alderen 13- 18 år, for eksempel eit aktivitetshus, der ungdom aktivt vert inkludert i utviklinga av prosjekta.
- det vert innført eit gratis, sunt skulemåltid i grunnskulen, og måltider til sjølvkost i vidaregåande skule.
- det psykososiale helsearbeidet overfor flyktningbarn som treng hjelp til å bearbeide opplevingar frå heimlandet eller flukta, vert styrka.
- FN sin Barnekonvensjon vert implementert i norsk lovgjeving.
- barn og unge i omsorgsplassering skal ha krav på å få vite noko om si historie, uansett alder.
- barn og unge i omsorgsplassering skal ha krav på ein plan for plasseringa, for å sikre ein tryggast mogeleg oppvekst.
- barn og unge i omsorgsplassering skal ha like økonomiske vilkår, uavhengig av om dei er plasserte i statlege, kommunale eller private omsorgsheimar.
- Barnevernet skal ha krav om å følgje opp alle barn i omsorgsfamiliar – både biologiske barn og fosterbarn.

3. INTERNASJONALT OG FORSVAR.

Senterkvinnene ynskjer at Noreg skal spele ei aktiv rolle for å sikre kvinner sine rettar og velferd i ein stadig meir globalisert verden.

Senterkvinnene vil:

- gå imot norsk medlemskap i EU.
- at Noreg skal legge ned veto i forhold til EU-direktiv når desse truar omsynet til folk si helse, miljø eller tryggleik.
- arbeide for at Noreg melder seg ut av EØS.
- arbeide for at kvinner over heile verda får rett til å ta egne val og bestemme over sine egne liv.
- gje asyl til kvinner som blir forfølgde på grunn av kjønnsdiskriminering.
- føre ein offensiv velferds- og sysselsettingspolitikk.
- arbeide globalt for kvinner sin grunnleggande rett til mat, matproduksjon og jordeigedom.
- arbeide for fred, og kjempe mot at øydeleggingsvåpen blir brukt mot sivile i krig og konflikhtar.
- arbeide for eit internasjonalt regelverk som motverkar prostitusjon og trafficking.
- arbeide for eit regelverk som pålegg norske selskap å overhalde norske arbeidsrettar også ved etablering i utlandet, når dette ikkje er sikra gjennom etableringslandet sitt eige lovverk.
- gå i mot euratomdirektivet, dvs ikkje tillate å tilføre radioaktivt avfall i produkt.
- arbeide for å redusere bruken av atomkraft i verda, og ha ei langsiktig målsetting om å forby all bruk av atomkraft.
- støtte opp om ordninga med nettverkskreditt for kvinner – både nasjonalt og internasjonalt.




- at Noreg skal ha eit sterkt forsvar basert på verneplikt og framleis medlemskap i NATO.
- at det skal leggast til rette for at fleire kvinner går inn i Forsvaret. Verneplikta skal oppretthaldast og vidareutviklast. Den allmenne verneplikta skal gjelde menn.
- føre ein internasjonal politikk som bygger på solidaritet med dei svake, betre fordeling mellom fattig og rik, og bevaring av FN sine tusenårsmål.
- følgje opp FN sin resolusjon nr 1325 frå 2000 om kvinner, fred og tryggleik som stadfestar kvinner si viktige rolle i førebygging og løysing av konflikhtar. Ein må og følgje opp resolusjon 1829 frå 2008 om vold mot kvinner, som definerer vold og seksuelle overgrep mot kvinner i krigsområde som eit krigsbrottsverk.

4. KLIMA.

Senterkvinnene innser at globale miljøproblem er ein følge av menneskeskapte klimaendringar.

Vi må vise politisk vilje og medverke til ei kursendring raskt ved å:

- auke støtta til fornybare energikjelder brukt til oppvarming.
- opprette statleg klimafond som kan støtte tiltak i kommunane.
- forplikte oss til å gjere Noreg karbonnøytralt innan 2030.
- auke forskinga på fornybare energikjelder, karbonfangst og lagring.
- satse sterkt på jernbane og anna kollektivtrafikk.
- auke satsinga på forskning innan biogass og andre alternative energiformer.
- innføre forbod mot oljefyring i alle nye offentlege bygg, og utfasing av oljefyring i gamle bygg innan 2020.
- auke satsinga på beredskapslager av mat, og sikring av andre viktige samfunnsfaktorar slik at sårbarheita minkast.



5. UTDANNING.

Senterkvinnene meiner at kunnskap og kompetansebygging blir stadig viktigare, og dette må være eit politisk satsingsområde i tida framover.

Difor vil vi:

- sikre nok ressursar til å oppretthalde ein offentleg skule med høg kvalitet og godt kvalifiserte lærarar.
- at lærlingar sikrast rett til læreplass, og at lærlingtilskotet til verksemder må aukast.
- oppretthalde ei restriktiv haldning til privatskular som ikkje bygger på alternativ pedagogikk eller livssyn.
- oppretthalde eit desentralisert skuletilbod.
- styrke rådgjevingstenesta i ungdoms- og vidaregåande skule, slik at ein førebygger "dropouts".
- at læreplanane vert endra på yrkesfagleg studieretning, og at ein opprettheld behovet for teoretisk basiskunnskap.
- legge til rette for deltidsstudiar og fjernundervisning.
- legge til rette for auka samarbeid mellom skule og næringsliv.
- at studielån skal være rentefrie (lånet skal indeksregulerast, og ingen skal betale tilbake meir enn dei har lånt).
- at studiestøtta skal indeksregulerast årleg.
- stimulere kvinner til forskning, mellom anna gjennom mentorordningar.

- at jenter får same status som gutar i typiske mannsdominerte yrker (t.d. bilmekanikar) ved gjennomføring av læretid i bedrift.
 - legge til rette for eittårig kurs i landbruksfag for dei som skal ta over gardsbruk i vaksen alder.



6. FAMILIEPOLITIKK.

Kvinner sine mogelegheiter i samfunnet er sterkt knytt til den familiepolitikken som vert ført. Ei betring av småbarnsfamiliane sine rammevilkår vil etter Senterkvinnenes si meining være ei god investering.

Dette vil vi gjere ved å:

- betre økonomien for familiar som treng det m.a. ved å betre bustønadene, forlengje stønadstida for overgangsstønad for einslege forsørgjarar, og halde barnetrygda utanom ved utrekning av sosialhjelp.
- gje eit barnehage- og SFO-tilbod som er fleksibelt, brukartilpassa, rimeleg og med kvalifisert personale.
- arbeide for at kommunane yter nok midlar til omsorgslønn og avlastningstiltak som gjev pårørande eit reelt alternativ.
- styrke foreldrerolla m.a. gjennom å tilby kurs for foreldre, samt styrke familievernkontora og helsestasjonane.
- på sikt innføre gratis kjernetid i barnehagar.
- gje kontantstøtte der ein forelder er heime med barn under tre år.
- gå imot behovsprøving eller skattlegging av barnetrygda.
- legge til rette slik at småbarnsforeldre kan delta som folkevalde. Dette må gjerast ved å sjå på tidspunkt for møta, og det må være ordningar som dekkjer kostnader til barnepass m.v.
- gje homofile høve til å bli vurdert som adoptivforeldre på same vilkår som heterofile.
- legge tilrette for gode, delte omsorgsløysingar ved samlivsbrot ut frå omsynet til barnet sitt beste.
- sikre at kommunale omsorgsfamiliar (fosterfamiliar) får stabil oppfølging frå barnevernsetaten. Dette kan m.a. sikrast ved at alle barn og ungdommar får en sakshandsamar 2.

7. ARBEIDSLIV.

Reell likestilling krev ein arbeidsmarknad på kvinner sine vilkår. Noreg har eit av verdas mest kjønnsdelte arbeidsmarknader. Lik lønn for likt arbeid har lenge vore eit grunnleggjande prinsipp, og det må snarast verte gjennomført i praksis.

Senterkvinnene vil at:

- det vert innført betre sjukelønsordningar og pensjonsordningar for deltidsarbeidande og sjølvstendig næringsdrivande.
- satsinga på kvinnelege nyetablerarar vert vidareført.
- tredelt turnus i helsesektoren vert likestilt med skiftarbeid i industrien.
- samfunnet prioriterer tilrettelegging for eit variert statlig arbeidstilbod over heile landet.
- det vert lagt til rette for arbeidstidsreformer for kvinner og menn som gjev mogelegheit til å utføre omsorgsarbeid. Døme på dette er tidskontoordning for småbarnsforeldre, og forsøk med 6-timarsdag.
- deltidstilsette som ynskjer det, skal ha rett til heiltidsarbeid.
- regelverket blir endra slik at yrkesskadeerstatninga vert tilpassa alle yrker.
- løna og statusen til typiske kvinneyrke vert heva monaleg, for å sikre rekruttering.

- kvinners erfaring og kompetanse i større grad må bli rekna inn i realkompetansen til utdanning og arbeidsliv.
- det blir oppretthalde eigne næringsfond for kvinner, der tilbod om god og konkret rådgjeving inngår.
- offentlege tilskotsordningar også må verte tilpassa kvinner, og at ein del av midlane vert øyremerka for kvinner.
- mediebedrifter vert gjort merksame på at dei i større grad skal bruke kvinnelege debattantar.
- det skal vere kvotering ved innkalling til intervju, slik at ein forpliktar seg til også å kalle inn personar med framandkulturell bakgrunn – ved elles like kvalifikasjonar.
- omsorgsfamiliar skal ha like vilkår uavhengig av kva slags kommune omsorgsbarna kjem frå, samt krav på pensjonspoeng, sjukepengar og feriepengar.
- offentlege og private bedrifter som får ned sjukefråværet, skal verte løna økonomisk.

8. HELSE- OG SOSIALTJENESTER.

Senterkvinnene meiner at satsing på førebyggjande arbeid er den beste måten å møte utfordringane innan helse- og sosialsektoren.

Senterkvinnene ynskjer å:

- intensivere forskning på kroniske lidingar og sjukdommar som rammer kvinner.
- opprette krise- og incestsenter i alle fylke, og gje desse ein økonomi som sikrar ei forsvarleg drift.
- gjennomgå behandling av pasientar med dobbeltdiagnose rus / psykiatri med tanke på å avklare kva slags tilbod som må finnast i kommunane, og kva som må vere regionale – og at tilbod og ettervern innan psykiatri og rus generelt vert styrka.
- utvide tilbodet til foreldre og barn ved helsestasjonane.
- kjempe mot vald av kvinner ved å innføre sinne- / valdsmeistringsbehandling, strengare straffar og auka oppklaringsressursar, slik at valdsutøvarane vert stoppa.
- gå imot bruk av, og forskning på befrukta egg, fostervev og aborterte fostre hos menneske.
- tilføre friske midlar frå staten slik at det kan opprettast eigne donorteam ved alle helseregionane.
- ha tannhelsetilbodet inn under folketrygdsystemet med eigendel og frikort.
- sikre rett til sjukeheimsplass til eldre, som etter medisinskfagleg vurdering, har vedtak på plass.
- arbeide for at kvinner får kvalitativt like god medisinsk behandling som menn uansett kor dei bur i landet.
- sjå på ordningar som sikrar einslege forsørgjarar naudsynt hjelp når forsørgjer vert sjuk – for eksempel som den gamle "husmorvikarordninga".
- at sosionomar og barnevernspedagogar skal ha autorisasjon. Dette sikrar at brukarar innanfor sosial- og helsetenestene får nok rettstryggleik i møte med desse profesjonane.
- sikre at kommunale omsorgsfamiliar skal ha krav på eit profesjonelt nettverk som kan bistå i akutte situasjonar.
- innføre lovbestemt rett til omsorgsløn i einskildhøve med sterkt behov for pleie / pass når familien ynskjer ei slik ordning.



9. VELFERDSTILBODET.

Senterkvinnene vil oppretthalde det kommunale og regionale velferdstilbodet, og eit samfunn med nærhet og omsorg for kvarandre.

Senterkvinnene ynskjer å:

- gjennomføre ein sosial bustadspolitikk som gjev alle høve til å eige eigen bustad, eller leige bustad til ein overkommeleg pris, ved å utvide râmene i Husbanken og etableringslånereglane.
- gje permisjon med løn under etter- og vidareutdanning for kvinner i lavtlønsyrke.
- heve taket på BSU-ordninga til kroner 300 000 og heve aldersgrensa til 35 år.
- gå imot privatisering og konkurranseutsetting av helse- og omsorgstjenester.
- sikre økonomisk tryggleik for alle gjennom allmenngjering av tariffavtalar.
- heve inntektsgrensa for å få etableringslån i Husbanken til innslaget for toppskatt.
- gå inn for kjønnsnøytral premiebetaling i privat sektor for å få ein meir rettferdig pensjon.
- gå inn for ei frivillig deling av pensjonsinntektene for ektefellar i felles verksemd for perioden 1967 – 1986, slik at også desse kvinnene kan sikre sin sosiale situasjon som individ og sjølvstendig næringsdrivande.
- gje betre opplysning til kvinner om pensjonsordningar og rettar.
- innføre eit særskilt skattefrådrag for einslege.
- i verksette eit omfattande program for bygging av ikkje-kommersielle utleigebustadar og studentbustadar.
- auke trygdesatsane slik at ingen vert sosialklientar når dei mottek uføretrygd, rehabilitering eller attføring.

10. TRYGG MAT.

Senterkvinnene er opptekne av førebyggjande arbeid når det gjeld helse og velvære. Her er eit sunt kosthald vesentleg.

Derfor vil Senterkvinnene:

- gå i mot genmodifisert mat (GMO).
- vektleggje bevisstgjerung rundt miljømessig matproduksjon – med satsing på kortreist mat.
- sikre forbrukarane rein og trygg mat ved strenge reglar for tilsettingsstoff, antibiotikarrestar og smittestoff i maten.
- framleis ha eit frittståande og uavhengig Mattilsyn som vaktar over rein og trygg mat.
- arbeide for å redusere dei negative konsekvensane av Barnematdirektivet gjennom tydeleg merking av varer.
- halde fram arbeidet med matmerking, både når det gjeld opphav, innhald og miljø / klima. Dokumenterte positive eigenskapar må kunne framhevast.
- leggje til rette for auka satsing på økologisk matproduksjon.
- styrke kosthaldsundervisninga i skulen både praktisk og teoretisk.
- arbeide for å redusere forbruket av usunn "fast-food" og forbruk av raffinert sukker.





11. INTEGRERING.

Senterkvinnene vil arbeide for likeverd mellom menneske – uansett etnisitet, kjønn, språk, religion, politisk oppfatning, nasjonalt eller sosialt opphav, eigedom, eller anna forhold. Senterkvinnene vil kjempe for å avskaffe alle former for diskriminering av kvinner uansett nasjonalitet.

Senterkvinnene vil:

- gje obligatorisk opplæring i norsk språk, kultur og samfunnsforhold for alle familiemedlemmar, uansett alder og kjønn.
- integrere kjønnsperspektivet i fredsbyggjande arbeid.
- gje opphaldsløyve til dei kvinnene som søker asyl på grunnlag av kjønnsbasert forfølgning.
- leggje til rette for at kvinner av ulik etnisk bakgrunn får naturlege treffstader.
- tilføre ekstra ressursar til skulane for å fremje integrering av framandspråklege elevar.
- utvikle eit kvalitativt godt tilbod i morsmålsundervisning for elevar i grunnskulen.
- etablere fadderordning i tilknytning til asylmottak, for å betre asylmottakarane sine høve til integrering.
- gje økonomisk stønad til frivilljuge organisasjonar som engasjerer seg i arbeidet med integrering.
- få innvandrar kvinner aktivt med i nærmiljø og lokalsamfunn, til dømes ved å etablere fadderordningar for kvinner.
- gå imot tvangsgifte, og arbeide for at kvinner får betre rettsvern ved tvangsgifting.
- gjennomføre forsøk med anonymisert søknadshandsaming.
- at Introduksjonslova og Opplæringslova må sjåast i samanheng. Innvandrara må i større grad få lære norsk på same tid som dei får praksisplass i arbeidslivet.
- arbeide for å innføre maksimaltid for opphald i asylmottak.

MANIFEST SLUTT.



heimeside: www.senterpartiet.no/senterkvinnene_2

bli venn med oss på facebook – søk etter senterkvinnene.

